



Målform: nynorsk

Eksamen (6 timar)

3. juni 2013, kl. 09.00-15.00

Vel to av tre oppgåvedelar:

Oppgåvesettet består av tre delar (A, B, C) med spørsmål frå pensumet for emne 3, Språkleg fordjuping, slik det er spesifisert i studieplanen. Du skal svare på to delar, og begge svara skal vere på nynorsk. Samla arbeidstid per oppgåvedel: ca. 3 timar. Begge oppgåvedelane må vurderast til bestått.

Hjelpemiddel:

Norsk-norsk ordliste/ordbok (utan egne merknader/markeringar).

OPPGÅVEDEL A:

André Bjerke skreiv følgjande dikt:

Bokstavene

Hva er en bokstav?
En besynderlig ting –
en linje, en strek, en prikk og en ring
og så er det slik den skal være.
Én liten bokstav sier ikke det spor,
men sammen med andre blir den til ord
som lærer deg det du skal lære.

- Forklar forholdet mellom *bokstavar* og *lydar* og *ord* i norsk. Bruk og definer dei relevante fagtermane frå lydlære og ordlære, og gje konkrete døme på det du forklarar.
- Kva for ordklassar er representerte i frasen: «én liten bokstav»? Forklar korleis du kom fram til svaret på ein måte som ein ungdomsskoleelev ville forstå.
- Lag ein morfologisk treanalyse av ordforma «bokstavkombinasjonane».

OPPGÅVEDEL B:

- Analyser setninga «Lisa gikk til skolen» med omsyn til funksjon og form. I kva grad er setninga i samsvar med norsk setningsstruktur ut frå plasseringa av setningsledd?
- Lag variasjonar av den same setninga (*Lisa gikk til skolen*) og legg til nye ledd for å vise elevane dine korleis ein kan argumentere for eit feltskjema for norsk setningsanalyse.
- Kva er subjekt i setninga «Det står ein elg i hagen»? Argumenter for svaret ditt.

OPPGÅVEDEL C:

Alf Prøysen skreiv blant anna også på dialekt, sjølv om han ikkje alltid var like konsekvent i «normeringa».

- Ta utgangspunkt i dei to tekstutdraga nedanfor og kategoriser og diskuter dialekttrekk som er typiske for regionen.
- Kva for eit målmerke blir gjerne brukt (som hovudkriterium) for å skilje mellom austnorsk og vestnorsk? Forklar systemet som ligg bak dette målmerket. Prøysen «burde» ha brukt dette målmerket i *Viser for gærne jinter*, men gjorde det ikkje.
- Forklar systemet bak forskjellen mellom bokmålsforma «faller» og «nynorskforma «fell» for elevane dine.

Alf Prøysen: Jørgen Hattemaker (vers 1 + 2 + refr.)

Ja, fysst så vil je nevne min stilling og min stæinn:
je står og svarve hatter i Salomo sitt læinn.
Sjøl bær' je navnet Jørgen, så skilnaden er stor,
men både je og Salomo kom nakne tel vår jord.

Refr.: Sola skinn' på deg
så skuggen fell på meg,
men graset er grønt for æille.

Når liljene på marken i fager blomstring står
og æille himlens fugler sin glade trille slår
Je nynne såmmå strofa i Hattemakergrend
og morgendagen, Salomo, - hva veit vel vi om den.

Refr.: Sola skinn' på deg...

Alf Prøysen: Vise for gærne jinter (vers 1 + 2 + refr.)

Oppå Lauvåsen veks det jordbær
fine jordbær, raue jordbær
hele væla er bære jordbær,
finn et strå og trø dom på.

Men ett er for gammalt, det ska få stå.
Ett er for grønt, det går vi ifrå
men æille andre ska vi ta med hemmat
Og leve lykkelig med sukker på.

Oppå Lauvåsen veks det gutter
fine gutter, lange gutter,
hele væla er bære gutter,
finn et strå og trø dom på

En er for gammal, hæn ska få stå.
En er for ung, hæn går vi ifrå,
men æille andre ska vi ta med hemat
og leve lykkelig med sukker på.